

# Prikktest

---

## Innleiing

**Prikktest er ein allergitest som kan bidra til å avklara om du er allergisk for enkelte allergen (til dømes bjørk, gras, egg, nøtter).**

## FØR

Ved prikktest skal du ikkje ha brukt antihistamin (allergitablettar) som Cetirizin, Aerius, Telfast, Zyrtec, Loratadin, Kestine, Vallergan siste 7 dagar før testen.

Dersom du bruker astmamedisinar skal du ta desse som vanleg, også på undersøkingsdagen.

Om du har vorte bede om å ta med allergen for testing, er det små mengder me treng, til dømes tilsvaranande mengda i ei teskje med matvarer (fisk, skaldyr, nøtter) eller 1-2 tablettar av ein medisin.

## UNDER

Prikktesten blir utført på innsida til underarmen. Ein drope av kvart allergen blir lagd på huda di, og det blir gjort eit lite stikk gjennom kvar drope og ned i huda. Stikket er heilt overfladisk. Enkelte pasientar kan likevel oppleva dette som ubehageleg, og testen kan gi kløe ved stikkstaden. Dropane blir fjerna, og etter 15 minutt kan me lesa av testen. Ein positiv test blir vist ved at det kjem hevelse og rødhett i huda der testen er sett.

## ETTER

Eventuell hevelse, rødhett og kløe frå testen forsvinn etter 1-2 timer. Dersom det klør mykje kan me smørja på krem som dempar dette.

Det er liten risiko for komplikasjonar i samband med prikktest. I svært sjeldne tilfelle kan det likevel oppstå ein kraftigare allergisk reaksjon som må behandlast med medikament.

## Kontaktinformasjon

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 70/75 mellom kl. 08.00 og 15.30 man-fredag.